

**AVDELING 41**  
**Utbyggingsavdelinga**

**ANSVAR: 4100**

**TENESTE: 3011,3021,3031**

**2015 - 2018**

**Mål 2015 - 2018***Merkantilt*

- Halde fram med opplæring av tenestetorget, eigenerklæringar, konsesjonsfritiakt, nabooppgåver og planopplysningar til meklarar. Opp ei nivå på trappa og drive enklare byggesaksbehandling?
- Betre fakturerings- og purrerutinar. Opplæring av fleire medarbeiderar ved avdelinga slik at systemet ikkje blir så sårbart, og avdelinga har høve til at fleire kan fakturere og kontrollere innbetalingar
- Vidareført BTV samarbeid, rammeavtalar for arkitekt, prosjekterings- og rådgivingstenester, ytterlegare 2 år
- Vidareført regionalt samarbeid innan plan- og byggesak. Målsetting: Felles regionalt plankontor, generelt tettare og meir samarbeid om tekniske tenester i Hallingdal.
- **Kurs i ny lov om eierseksjonering. Nytt lovverk frå 2015**
- **Ny retningsliner Sjølkost – Jamnleg gjennomgang med Momentum**

*Geografiske informasjonssystem*

På veg inn i ein digital kvardag: For å yte fullgod service til brukarane og publikum, har det vore nødvendig å etablere kart- og geografiske informasjonssystem.

- Opplæring og kursing GIS/LINE, ulike modular og felles applikasjon for ájourhald av kartdatasett
- Etablert og ájouhalde digitalt planarkiv.
- Regionalt samarbeid om felles geodataløysing (Hallingkart.no)
- Initiert nytt Geovekst-prosjekt felles med Ål kommune. Fotografering utsett frå 2014 til 2015

*Bustadbygging*

Gjennom planskildring og føresegner for kommunedelplan 2006 for Gol tettstad har kommunen lagt til rette for:

- Differensiert tilbod på bustadtypar
- Meir konsentrert utnytting i sentrumsnære område
- Avsett nye framtidige bustadområde med utbyggingsrekkefølge, aktuelle:
  - Petterbråten Panorama (oppstart)
  - **Iverksette Kristenbråten, bustader for vanskelegstilte**
  - **Hagaskogen (oppstart)**
  - **Vikojordet (b8)**
  - Kombinerte område for bustad/leiligheter i Gol sentrum)
  - **KB-4 Eidsgård, leiligheter og forretningsbygg**
  - **Sluttbehandle Sagtomta, 22 nye bustadtomter, konsentrerte**

Bustadområda er gjennom kommunedelplanen nummererte. Utbyggingsrekkefølge for større og nye bustadområde skal vera i samsvar med nummerering på plankartet. Bustadområde b1, b2 og b3 kan utbyggjast parallelt. Kommunen kan vedta parallell utbygging av fleire nye bustadområde. Bustadfeltet b4, b5, b6 og b8 blir ikkje tillatt utbygd før det er utarbeidd ein felles analyse av trafikkale konsekvensar på fylkesveg/riksveg.

### *Fritidshusvære/hyttebygging*

Framtidig hyttebygging skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Kommunen vil sikre store samanhengande areal utan store tekniske inngrep, særleg i høgareliggjande fjellområde.

I sakshandsaming av reguleringsplanar for hytter og reiseliv har kommunen lagt slike føringar:

- Lagt til grunn soneringstankegang i forhold til kostnader til infrastruktur og miljøkonsekvensar
- Respektert overordna nasjonale prinsipp for hyttebygging
- Unngått nedbygginga av kulturlandskap og hyttebygging på stølsvollar
- Godkjende planar for hyttebygging/ reiseliv og utvikling:
  - Vedteke reguleringsplan for Sjauset, 45 nye tomter
  - **Vedta og gjennomførereguleringsplan Oset, 15 nye tomter**
  - **Vedta og gjennomføre reguleringsplan Oset, Del II, 31 nye tomter**
  - **Vedta og iverksette reguleringsplan for Skagahøgdi**

### *Forurensing og Utslepp:*

- **Gjennomført registreringar i heile Golreppen nedslagsområde, brønner og vannkilder i forhold til slamavskiljarar og forurensing frå landbruk. Prosjekt saman med Mattilsynet og miljøretta helsevern.**

### **Tiltak 2015 – 2018**

- Prosjekt Eigedomsskatt – over i driftsfasen, Kombinert stilling med næringsmedarbeider
- Adresseringsprosjekt innan 2015 – bør ha nær 100 % vegadresser i kommunen – etter pålegg frå Statens Kartverk
- Kontinuerleg oppdatering av Matrikkelen – resultat av prosessar med Skogplan og Gardskart
- Kontinuerleg oppgradering av Matrikkelen – i form av innmåling av eldre eigedomar som vert berørte/er naboar til nye eigedomar/frådelingar – nyttar høvet til koordinatfesting av eldre grensepunkt
- Vidareføre/slutføre kommunale områdereguleringar og private reguleringsplanar
  - **Område Vikojordet og deler av Storøyne 2 g. behandling og sluttbehandling**
  - **Storøyne og Pers Resort 2 g. behandling og sluttbehandling**
  - **KB-4 og K-N1, Detaljregulering Gol sentrum**
  - **Petterbråten Panorama**

- Hagaskogen boligfelt
- Einarset Austre del
- Einarset K1
- Skagahøgdi fjellgrend
- Diverse reguleringsendringar
- Utbyggingsavtalar Gol sentrum
- Utbyggingsavtaler, Golsfjellet

#### UTFORDRINGAR:

1. Det ligg sannsynlegvis eit visst i effektiviseringspotensiale i kommande omorganisering og samanslåing av avdelingane. Betre forvaltning av HR ressursane. V i har jo overlappende og tilgrensande fagfelt. utfordringa ligg i å få ny organisering til å funke og at den reelt vil avlaste Utbyggingsavdelinga og ihvertfall styrke plankompetansen. Avdelinga har pr. i dag ikkje fagkompetanse på utsleppsaker. Relativt kostbart å hyre konsulenter til å saksbehandle.
2. Ideelt sett burde tenestetorget vært ein større avlaster og bidragsyter i form av nabolister til nabovarsling, uttak av kart og situasjonsplaner i tillegg til ekspedering av konsesjonserklæringar. Tenestetorget kunne med noko opplæring nå eit trappetrinn opp på servicetrappa slik at enklare saksbehandling kunne skje der.
3. Samarbeidsprosjekt med Hemsedal kommune: «Avløp og Utslepp i spreidd område» Avdelinga har hatt ledige lønsmidler i 2014 for å hive inn i prosjektet. Dette er stoppa noko opp grunn lite ressursar i Hemsdal og mulig kommunesamanslåing. Rådmannsutvalet skulle jobbe vidare med samarbeid mellom Gol og Hemsedal på kort sikt og eit meir utvida samarbeid på lang sikt.
4. Sunn sjølkost, med 100% dekningsgrad. Vurdere å fatte vedtak eller formulere inn sjølkost for kvart tenesteområde i gebyrregulativet.